



Nærings- og fiskeridepartementet
Fiskeri- og havbruksavdelinga
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo
postmottak@nfd.dep.no

Deres ref: 15/3165-1

Vår ref: 15/35836

17. august 2015

HØYRINGSSVAR: HØYRING AV FORSLAG OM Å OPNE FOR TILDELING AV UTVIKLINGSLØYVE

Veterinærinstituttet har motteke høyringsnotatet "Forslag om å opne for tildeling av løyve til akvakultur til utviklingsformål", samt utkast til endringar av laksetildelingsforskriften som høyrer til.

Veterinærinstituttet vil i det følgjande kommentere forslaga i høyringsnotatet i tre delar:

1. Prinsippet om å opne for å tildele løyve til akvakultur til utviklingsformål
2. Utviding av dagens ordning for forskingsløyve vs ny type utviklingsløyve
3. Kriterier for tildeling mv.

1. Prinsippet om å opne for å tildele løyve til akvakultur til utviklingsformål

Oppdrettsnæringa er grunnlagt på ein høg grad av forskning, innovasjon og nyutvikling. Det er viktig at rammene for FoU og implementering av nye resultat sikrar at denne utviklinga får halde fram, at prosjekta har høg kvalitet og at omsynet til fiskevelferd blir lagt vekt på.

Veterinærinstituttet støttar derfor at regelverket vert endra, slik at det opnar for å tildele særskilde løyve som har formålet å drive utvikling og utprøving av t.d. ny teknologi og andre innovasjonar.

Veterinærinstituttet støttar formuleringa i høyringsnotatet at: "Ev. tiltak skal bidra til auka berekraft, ønska omstilling og innovasjon og auka samla verdiskaping." Det gir grunnlag for utviklingsaktivitetar som t.d. er rette betre fiskevelferd eller mot mindre utslepp av uønskte kjemikalier og sjukdomsframkallande organismar. Det er derfor viktig at kriteria for tildeling sikrar dette. Sjå kommentarar seinare i høyringssvaret.

2. Utviding av dagens ordning for forskingsløyve vs ny type utviklingsløyve

Veterinærinstituttet er av den oppfatninga at det er underordna om regelverket omhandlar "forskning" og "utvikling" i same eller to skilde paragrafar. Det er innhaldet i paragrafane som er viktig.

Forskning og utvikling heng på mange måtar saman, og skilnadene ligg fysst og fremst i kva type problemstilling eller spørsmål ein freistar få svar på. Det er i stor grad same type metodikk som bør nyttast for å designe forsøksopplegg og dokumentere effektar i forskings- og utviklingsprosjekt.

Veterinærinstituttet er derfor av den meininga at dagens ordning med forskingsløyve bør vidareutviklast til å omfatte utviklingsløyve, framfor å etablere eiga ordning i separat paragraf i regelverk for utviklingsformål. Allereie no vert prosjekt med ein klar karakter av utvikling gjennomførde under regelverket om forskingsløyve, og ei tillemping av dette regelverket som gjer det enda meir tenleg til utviklingsformål vil vere positivt.

3. Kriterier for tildeling mv.

Veterinærinstituttet vil kommentere sentrale problemstillingar i høyringsnotatet i det følgjande:

Kompetansekrav og godkjenningsordningar

I og med at det bør stillast like strenge krav til forsøksdesign og vitenskapleg metodikk for datainnsamling og handsaming av resultat for utviklingsprosjekt som for forskning, så bør vitenskaplege institusjonar vere involverte og ha ansvar for forsøksopplegg, resultatbehandling og -rapportering. Involvering av vitenskaplege institusjonar med ansvar for å publisere resultatrapportar også i meir utviklingsretta prosjekt vil i tillegg til å kvalitetssikre metodikk også bidra til openheit om resultat og deling av kunnskap.

Ny teknologi og innovasjonar vil alltid kunne verke inn på velferda til fisken i oppdrettsanlegga. De fleste forskings- og utviklingsprosjekt vil derfor vere å oppfatte som forsøk med dyr, nærare definert som feltforsøk, og målet vil vere å dokumentere om prosjektet påverkar fiskevelferda, alternativt dokumentere at det ikkje gjer det. Vitenskaplege institusjonar med løyve til å drive forsøk med dyr må då vere involverte som ansvarlege for dyreforsøka, noko som underbyggjer at FoU-prosjekt som hovudregel bør involvere vitenskaplege institusjonar som samarbeidspartnarar.

Evaluering og godkjenning av FoU-konsesjonar

Veterinærinstituttet seier seg samd i det som skisserast for kva for krav som skal stillast til utviklingsprosjekt, kriterier for prosjekt med nyhendeelement og risiko, krav til fagleg kvalitet og kvalifikasjonar hos aktørar, og krav til dokumentasjon og kontroll. I tillegg til dei lista 12 kulepunktane, bør det vere eit fast punkt om omtale av korleis prosjektet kan påverke fiskevelferd, og korleis dette kan målast. Det bør også normalt dokumenterast avtaler om forpliktande samarbeid med *både* eksterne firma (i.e. leverandørar av utstyr og teknologi) og forskingsinstitusjonar, med rolle- og ansvarsfordeling.

Fiskeridirektoratet bør vere den myndigheita som er ansvarleg for slike utviklingsløyve. Det bør utviklast retningsliner for kva ein søknad skal innehalde, og korleis sakshandsaminga skal gå føre seg.

Veterinærinstituttet meiner at det bør vurderast å utvide det rådgivande utvalet som skal innstille i saker om FoU-løyve. Det kan vere ønskjeleg med kompetanse frå fag- og

forskingstiljø med til dels sær ulike fagområde, som teknologi, oseanografi, biologi, frutvikling og drift, fiskehelse og -velferd med fleire, saman med næringsinteresser, bde oppdrett og leverandrindustri.

Med konkurransekonstellasjonar bde innan nringane og fagmiljøa, kan habilitet og konkurranseomsyn pverke haldningane til utvalsmedlem. Utvalet kan derfor settast saman ulikt fr sak til sak, ut fr fagområde og habilitet. Som med forskingsprosjekt, m.a. under Norges forskingsrd, br ogs prosjekt som det skast FoU-lyve for, kunne granskast for ekspertvurdering, bde i norske og utanlandske fag- og forskingstiljø.

Patentering vs openheit

Mulige konflikhtar mellom omsyn til patentering p den eine sida og openheit og kunnskapsdeling p den andre er eit sprsml i samanheng bde med forskning og utvikling. Tildeling av FoU-konsesjonar br generelt vere gitt med vilkr om at resultat og teknologi vert gjort tilgjengeleg for heile nringa. For at heile oppdrettsnringa skal kunne dra nytte av forskings- og utviklingsprosjekt, er det fysst og fremst effektane av tiltak og ny teknologi som m gjerast kjent. Nye prinsipp og konstruksjonar kan skast patentbeskytta fr prosjekt vert gjennomfrte, eller resultat publiserte. Patenterte produkt kan gjerast kommersielt tilgjengelige.

Konvertering av FoU-konsesjonar

Konvertering av FoU-konsesjonar kan innarbeidast i det gjeldande regelverket for forskingslyve ved at det opnast for ulike tidsperiodar ein FoU-konsesjon kan gjelde, t.d.:

- tidsgrensa, for den perioden det tek for  gjennomfre eit konkret prosjekt
- tidsgrensa for  drive FoU-verksemd meir generelt, med fleire prosjekt etter kvarandre og evt. ogs fleire parallelt
- permanent FoU-verksemd
- konvertering til ein ordinr kommersiell konsesjon etter tidsgrensa FoU-verksemd

Veterinrinstituttet stttar det som vert sagt i hyringsnotatet: "Det er viktig at forskingslyve og utviklingslyve frst og fremst fremmer forskning og utvikling, og ikkje fungerer som ein inngang til  produsere matfisk."

Vi er derfor av den oppfatninga at konvertering til ordinr konsesjon berre skal nyttast unntaksvis, og da berre nr det er naudsynt for  gjennomfre prosjekt som er sterkt nskte.

Kriterier for konvertering av ein konsesjon m definerast nrre, og moment som kan vektleggast inkluderer:

- Viktigheit av prosjekt - i fall eit prosjekt er av sær nytte for heile nringa, utan at det gjev nokre fortrinn til den aktren som str for gjennomfringa, s kan "premiering" med konvertering til permanent lyve vurderast.
- Storleik av investeringar og varigheit av verksemd - dersom eit prosjekt krev store investeringar i ny teknologi og/eller infrastruktur som m nyttast p meir permanent basis etter prosjektperioden.
- Risiko - om prosjekt vert vurderte  vere av stor nytte, men inneber stor risiko for tap eller negative resultat.
- Prosjekt som primrt er retta mot betre berekraft, og derfor til nytte for heile nringa, men utan at det gir auka konomisk utbytte for den einskilde som driv prosjektet p kort sikt.

I høyringsnotatet vert det stilt spørsmål om det bør knytast eit suksesskriterium til konvertering av utviklingsløyve til ordinært løyve. Veterinærinstituttet meiner at eit krav om suksess ikkje kan stillast til FoU-verksemd. Det kan føre til at berre prosjekt med liten risiko og gode utsikter til vellukka resultat vert søkte, og nyhendeverdiane av prosjekta blir svekka. I prinsippet bør derfor konvertering av utviklingsløyve til ordinært løyve også kunne nyttast som "premiering" for viktige prosjekt, sjølv om resultatata av utprøvinga syner at den aktuelle teknologien som vert testa ikkje syner seg vellukka. Det konverterte løyve vil da kunne drivast vidare med "konvensjonell" teknologi.


Det er viktig at veksten i produksjon av oppdrettsfisk er basert på planar og regulering, både av omsyn til marknadene og til berekraft (t.d. lusetal). I høyringsnotatet vert det peikt på at ei utvida ordning for utviklingskonsesjonar kan få betydelig omfang. Det betyr at produksjonen under desse konsesjonane kan bli stor. Det er derfor viktig at denne produksjonen reknast inn som del av den planlagde produksjonsauken, både nasjonalt for heile næringa, og i regioner/produksjonssoner.

Spørsmålet om det bør setjast ei grense for kor mange slike løyve som kan tildelast bør også sjåast i denne samanhengen; utviklingskonsesjonar bør ikkje tildelast dersom det fører til produksjonsauke utover dei grensene som er sett.

Prising av konverterte konsesjonar

Vurdering av prisnivået for eventuell konvertering av FoU-konsesjonar ligg utafor Veterinærinstituttet sitt kompetanseområde.

Med vennlig helsing
Veterinærinstituttet



Jorun Jarp
Avdelingsdirektør



Atle Lillehaug
Prosjektleder biosikkerhet